



Skjortefodno i Eikedalen har lagt på seg og er godt synleg enno nokre veker.

Skjortefodno i Eikedalen er fyldigare enn ho har vore før om åra på denne tid. Vi kan sei ho er svanger. Skjortefodno er forma som eit skjortebryst, men landskapsformer og namn er ofte noko som vert skapt som ein del av fantasien og folketradisjonen. Difor er det også andre namn på fonna. Det lokale namnet er Skjortefodno.

I Ulvanoso finn vi fleire fenner. Botnane i Geitadalen, Kolkjeredalen og Øktardalen er forseinkingar i fjellveggen. Her har breene erodert i fjellet og skapt ein botn. I desse botnane ligg det store snømengder som knapt går vekk på sommaren. Den meste kjende snøfonna er den vi kallar Snøgåsa nedunder Geitadalstind.

I Limomnen under Englafjell ligg det også ei fonn.

Med kald og stabil vinter ligg det enno mykje snø i fjellet. Sist helg var der turfylgje på Ulvanoso, på ski frå Tveitedalen over Dyrindo. I Botnane innom Vatnastøl ligg det snø. På Solfjell er det enno snøfenner.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Øystein Enæs/ Kristian Bringedal



Botnabreene i Ulvanoso.